

Emnerapport

Emnekode og evt. tittel tema: HIM103 Islam og politikk

Semester: 2014 Haust

Emneansvarlig: Knut S. Vikør

Andre lærere på emnet: Anders Bjørkelo

Undervisningsopplegget:

Undervisninga besto av 12 dobbelttimar forelesing. Det var ikkje seminar.

Pensum:

Pensum bestod av to hovudbøker, tre utfyllande monografiar, og utvalde artikkelar frå to artikkelsamlingar. Pensum skulle dekke dei ulike sidene i emnets tema, med varierende vanskegrad frå innføringsbøker til temaartiklar. Vanskegraden ser ut til å ha vore høvelig, sjøl om noe av stoffet (særleg det mest aktuelle i tid) nok måtte dekkas av forelesingar.

Kommentarer til evt. tilbakemelding fra studenter, evaluering eller eksamensresultater:

Det har p.t. ikkje vore gjennomført noen formell evaluering av emnet i haust. Eksamensresultata ligg ganske bra på snittet for dette emnet tidligare, og for tilsvarende emner innan vårt felt. Det einaste påfallande i år er at det var ganske stor tidlig oppmelding (102), men stort fråfall / ikkje møtt, berre 55 leverte. Dette siste tallet er likevel om lag på nivå med leverte oppgåver tidligare, så totalt resultat er om lag som forventa.

Tiltak du vil vurdere for å forbedre undervisningen neste gang det undervises:

Det er alltid ønske om meir student-orientert undervisning, av typen seminar m.v. Det er ressursbegrensingar for dette for eit såpass stort emne, og erfaring er også at med uforpliktande seminar er oppmøtet varierende, og kanskje slik at dei mest aktive studentane er dei som deltar. Ei endring her vil måtte henge sammen med at seminara gjeras meir forpliktande, at meir av reell undervisning blir gjort her og ikkje i forelesingar, men dette vil kreve ein monalig større ressursinnsats enn ei forelesingsrekka, og vil kanskje også kreve meir lærarressursar enn vi har, om ein skal handtere 60-70 studentar i rimelig store grupper. Kollokvier er meir overkommelig, fungerte godt i fjor, og burde kunne vere aktuelle å bruke igjen.

Undervisningsfasiliteter:

Ingen merknader, det har ikkje vore problem her. Oppmøtetallet har til tidar vore opp mellom 70 og 80, slik at Aud A har vore eit naturleg lokale.